

Even Jarl Skoglund
Nordåstræet 59
5235 Rådal
tlf 90779313

Bergen, 6. sept. 2018

Fellesnemnda for VLFK
v/ leiar Anne Gine Hestetun

Klage angående designkonkurranse til fylkeskommunevåpen.

På nettsida til HFK.no vart det 8. mai lyst ut konkurranse om å kome med ide til nytt kommunevåpen for Vestland fylkeskommune.

På sida vert det gjort greie for framgangsmåten for vidare prosess, og under overskrifta: "Om konkurransen" står det:.

"Folkefavoritten og dei opptil 19 andre finalebidraga vert med til inspirasjon i ein designkonkurranse til hausten. Der kan designbyrå og kunstnarar delta. Nærare informasjon om dette kjem."

"Nærmare informasjon om dette" har ikkje kome og etter det eg har fått vite har det allereie blitt plukka ut deltakarar som skal vere med i designkonkurransen.

Vi som har fulgt med på heimesidene til HFK og VLFK og venta på meir informasjon om designkonkurransen er blitt ført bak lyset .

Eg viser også til "Powerpoint presentasjonar frå møte i fellesnemnda" 22 juni..
I presentasjon 3, Orientering om nytt fylkesvåpen, står følgjande :

" Det er eit mål at merksemda kring designkonkurransen vert positiv og at så mange som mogleg vert inviterte til å delta i konkurransen."

Eg meiner at offentleg informasjonen om at det skal kome nærmare informasjon om konkurransen er forpliktande.

Når forpliktande informasjon ikkje er gitt, må dei ansvarlege stanse framdrifta med den planlagte designkonkurransen. Dette inntil den bebuda Informasjon er gitt slik at kunstnarar og designarar som har venta på slik informasjon på HFK/VLFK sine heimesider også får anledning til å vere med på prekvalifisering til designkonkurransen.

Mvh
Even Jarl Skoglund